



DEN NORSKE KYRKJA

Kaupanger Sokneråd

Kaupanger 14.02.20.

Referat frå møte i Kaupanger Sokneråd

Møtedato: **Tysdag 11.02.20.**
Møtetid: **Kl. 19.00 - 21.15**
Møtestad: **Gamleskulen i Kaupanger**

Desse møtte: 1) Einar Skeie, leiar 2) Rasmus Stokke, skriar 3) May Kristel Bødal, nestleiar 5) Terje Hauståker, kasserar 6) Marie Bukholm, medlem, 1 vara) Inger Johanne Talle, Vegard B. Lie, sokneprest. Kathrine Valle, vikarprest. Ove Bukholm, styreleiar for Stedjetunet

Opning:

- Velkomen og gjennomgang av saklista v/Einar
- Ord for dagen ved Vegard

Sakliste:

Sak 08/20 Godkjenning av innkallinga og referat frå møtet 14.01.20.

Datoen 10/3 for årsmøtet/kyrkjelydsfesten i oversiktsplanen stemmer, men det er **ein tysdag**.

Godkjent

Sak 09/20 Ref. sak 07/20 på møte 14.01. Stadfesting på val av medlemmer og varamedlemmer til forstandarskapet i stiftinga Stedjetunet. Besøk av Ove Bukholm som vil informera om byggjeprosessen som er i gang og gå gjennom vedtektene for Stedjetunet

Etter oppfølgingane frå sak 07/20 vert medlemmer og varamedlemmer til forstandarskapet i stiftinga Stedjetunet slik:

Medlemmer:

<i>Britt Elin Yttri</i>	<i>2018 - 2021</i>
<i>Marie Bukholm</i>	<i>2020 - 2023</i>
<i>May Kristel Bødal</i>	<i>2020 - 2023</i>

Varamedlemmer:

<i>Tone Systad Sætre</i>	<i>2020 - 2023</i>
<i>Einar Skeie</i>	<i>2018 - 2021</i>

Under saka informerte Ove Bukholm om byggjeprosessen i Stedjetunet, og om korleis bygget er utforma. Grunn- og betongarbeidet er ferdig, og bygget reiser seg i februar/mars. Planlagt ferdigstilling september/oktober.

Sak 10/20 Førebuingar til årsmøte og kyrkjelydsfest på bedehuset tysdag 10.mars.

Ein vart samde om følgjande:

-Årsmelding: Leiar og skriar tek ansvar for den
-Rekneskopen: Kasserar tek ansvar for at den vert lagd ved årsmeldinga
-Rigging av lokale: Soknerådsmedlemene møter kl. 1830. Leige av bedehuset er ordna.

*Alle har med ei eller anna form for «bakst». Einar ordnar kaffi og serviettar.
-Plakatar og marknadsføring: Einar har mal for plakatar. Vegard B. Lie og ev. andre gjer kjent på Facebook.
-Utlodding: Alle i soknerådet stiller med ein liten gevinst
-Programinnslag: Einar spør Jostein Heggstad om programinnslag med bilde
-Songar: Vegard B. Lie spelar piano*

Sak 11/20 Erfaringar og nytte av samling for alle sokneråda i kommunen på Leikanger kyrkjelydshus den 5. februar.

God deltaking frå alle sokna. Tilbakemeldingar om at det var eit godt og informativt opplegg.

Sak 12/20 Me set av ca. 10-12 min til å drøfta: Korleis har dei siste gudstenestene fungert? Korleis har vi det i soknet vårt, kan noko gjerast annleis?

Gudstenesta 19/1 vart lang grunna både 11-årsgåve og to barnedåpar. Den 2/2 var det dåp og nattverd. Det viser seg at det ofte er 2-3 dåpsbarn på gudstenestene og av og til spørsmål om fleire. Kyrkjegardsbygget gjer det praktisk vanskeleg å takle meir enn tre dåpsbarn.

Konklusjon: Det bør ikkje vere meir enn ein dåp ved 11-årsutdelinga, og ein bør avgrense talet på dåpsbarn til tre.

Sak 13/20 Orienteringssaker:

- a) **Kyrkjegardsbygget.** Det er ikkje kome meir nytt om oppstart på kyrkjegardsbygget. Kommunen jobbar med detaljar og er i kontakt med Riksantikvaren og Fylkeskommunen. Ein må kanskje vurdere å stengje kyrkja for bruk under ombyggingsperioden fordi ein ikkje har toalett-tilhøve. Må rive alt unnateke teknisk rom.
- b) **Møte i diakoniutvalet 29.01.20.** Margun Lomheim er oppnemnd som leiar.
- c) **Avisoppslag med skade på gravpynt m.m. på kyrkjegarden der hjort er eit problem.** Ein drøfta moglege tiltak, men ser ikkje gode løysingar utanom hjortegjerde, som riksantikvaren ikkje tillét.
- d) **Rullering av diakoniplanen.** Den vert sett opp som sak til hausten. Ein ser m.a. på tiltaket julefeiring på museet.
- e) **Neste møte, 24 mars.** Då førebur vi m.a. fasteaksjonen som er 31. mars samt gudstenesteplan t.o.m. juni.

For Kaupanger Sokneråd

Rasmus Stokke
skrivar

Einar Skeie
leiar